



Uskedal barnehage er ein av sju barnehagar som er tilrådd nedlagd.

I ein rapport frå Telemarkforskning kjem det fram at kommunen kan spara 7,8 mill. kroner med å leggja ned sju barnehagar frå hausten 2021. Uskedalen barnehage er ein av dei saman med Mauranger, Ølve, Varaldsøy, Hauge, Bringedalsbygd og Undarheim. Borna skal overførast til Omvikdalen som har ledig kapasitet. Rapporten er ein av fleire grunnlagsdokumnet som vert brukt i ein ny strukturdebatt.

Strukturdebatten er på nytt i gang. For Uskedalen gjeld det barnehagen, ikkje skulen. Rapporten er klar på at ein forenkla barnehagestruktur medfører at ein må redusera talet barnehagar ved å leggja ned nokre av dei tilsaman 12 kommunale barnehagane. Borna i dei nedlagde barnehagane skal fordelast på dei attverande etter kapasitet og plassering.

Lågare tilskot til private barnehagar vil gje ei innsparing på mellom 3 og 5 mill. kroner. Dønhaug Gardsbarnehage er privat.

Utgreiinga frå Telemarkforskning er skriven med bakgrunn av tilsende dokument frå kommunen. Det har ikkje vore synfaringar eller møte med tilsette i barnehagane.

Uskedal skule er ikkje omskriven i rapporten, anna enn at dersom Bringedalsbygda skule vert nedlagd, kan elevane overførast til Uskedalen. Men hugs: Dette er slik Telemarkforskning ser det. Det er ikkje kjend kva tid det kan bli ei sak.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal